



Molde, 4. februar 2016

Til
Medlemmer av årsmøtet, andre inviterte og
gjestar som blir invitert for eiga rekning
(i samsvar med vedlagte liste)

PÅMELDINGSFRIST: 25. februar

INNKALLING OG INVITASJON TIL ÅRSMØTET I M & R BONDELAG fredag 4. og laurdag 5. mars 2016 på Alexandra Hotell i Molde

Årsmøtet tek til fredag 4. mars kl 10.00, og blir avslutta laurdag 5. mars ca kl 13.30.

Første årsmøtedag fredag 4. mars kl 10.00-16.15 inviterer vi til Næringskonferanse for heile landbruket i Møre og Romsdal. Konferansen blir halde i Bankettsalen på Alexandra Hotell.

Næringskonferansen er eit samarbeid mellom Bondelaget, Småbrukarlaget og Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Som arrangørar ønskjer vi å skape møteplassen der ”heile” landbruket i fylket samlast til dialog og inspirasjon.

Konferansen er open for alle interesserte, og håper flest muleg bønder, rådgjevarar, forvaltning, politikarar og alle andre som har et varmt hjerte for lokal matproduksjon deltek.

Konferansen inngår som ein del av årsmøtet i Bondelaget. I fjor samla vi 180 deltakarar, året før 220 deltakarar, og vi håper på like mange i år. Fylkesmannen si landbruksavdeling har lagt si tradisjonelle konferanse og BU-samling for skogbruks- og landbrukstilsette i kommunane, andre inviterte organisasjonar og etatar i forkant til torsdag 3. mars, og alle desse er invitert til å delta på næringskonferansen fredag 4. mars.

For alle lokallagsutsendingar og fylkeslagets representantar i årsmøtet i Møre og Romsdal Bondelag vert møtekostnadar inkl næringskonferansen fredag dekkja av M & R Bondelag.

Gjestar som blir invitert til fylkesårsmøtet for eiga rekning, med overnatting og årsmøtemiddag på kvelden, og deltaking på årsmøtet laurdag, gjer opp dette direkte med hotellet.

For årsmøtet i M & R Bondelag må påmelding gå til Bondelaget.

Men både Bondelaget og Småbrukarlaget tek imot påmelding til Næringskonferansen.

Med omsyn til lunsj på hotellet fredag må vi ha påmelding. For deltakarar berre på næringskonferansen fredag kl. 10.00-16.15 er det ei deltakaravgift.

Program for Næringskonferansen vert sendt ut breidt på e-post seinare..

Frå Norges Bondelag møter på fylkesårsmøtet styremedlem Arnstein Røyneberg frå Rogaland.

Kjøreplan og program begge dagane – sjå neste side.

Bondelagets Servicekontor AS

Postadresse: PB 2047 Moldegård 6402 Molde	Besøksadresse: Fannestrandveien 63. Molde	Telefon: 71 20 28 90	Mobil: 41 41 88 71	E-postadresse More.romsdal@bondelaget.no
Møre og Romsdal Bondelag Bondelagets Servicekontor AS	Org.nr.: 939678670 Org.nr.: 985063001 MVA	Bankkonto:	8101.05.12891	Internet: www.bondelaget.no/moreogromsdal

Lokale Bondelag fekk innkalling og varsel om tid og stad for fylkesårsmøtet i lokallagsbrev desember 2015.

Årsmøtepapir med sakliste og timeplan, årsmelding og rekneskap, arbeidsplan og budsjett, valnemnda sitt forslag og andre sakspapir blir sendt ut ei veke før årsmøtet, ca. 26. februar, til alle lokale Bondelag og alle påmeldte utsendingar og gjestar.

Vedlagt påmeldingsark som vi ber blir returnert innan 25. februar til:

Møre og Romsdal Bondelag, Boks 2047, 6402 Molde

eller send påmelding til e-post: more.romsdal@bondelaget.no

Telefon: 71 20 28 90

Utsendingar frå lokale Bondelag er:

Leiaren (eller leiar sin vara). I tillegg vel lokallag med over 100 medlemmer ein utsending for kvar påbegynt 100 medlemmer: 101-200 gir 1, 201-300 gir 2 osv. Dersom leiaren har forfall oppmoder vi om at vara møter.

Vedlagt medlemstal i lokallaga pr 31. desember 2015.

Fylkeslaget betaler møtekostnadene på fellesrekning (opphald for buande og dagpakke for ikkje buande begge dagar), og reise for lokallagsutsendingar og fylkeslagets representantar.

Fylkeslaget yter ikkje møtegodtgjersle, det må vere etter vedtak i kvart lokallagsårsmøte.

For bruk av eigen bil gir vi kr 2,00 /km + 50 øre/passasjerkm.

Reisereknings skjema vert delt ut på årsmøtet. Utsendingane får så girert reiseutgiftene etter rekning.

Vel møtt til fylkesårsmøtet!

Helsing

Inge Martin Karlsvik - fylkesleiar

Arnar Lyche - org.sjef

Arild Erlien – rådgjevar

PROGRAM OG KJØREPLAN:**Fredag 4. mars:**

10.00 – 16.15: Næringskonferanse - (eige program blir sendt ut seinare)

16.30 - 17.00: Kaffe og matbit serveres til årsmøtedeltakarane i Bondelaget

17.00: Årsmøtet i Møre og Romsdal Bondelag blir sett - årsmøtesaker etter saklista:

Opprop. Godkjenning av innkalling og sakliste. Valg av to personer til å skrive under protokoll. Oppnemning av redaksjonsnemnd. Årsmelding 2015, rekneskap 2015, arbeidsplan 2016/2017, budsjett 2016.

18.00: Pause

20.00: Middag – Årsmøtet i Møre og Romsdal Bondelag med gjestar.

Laurdag 5. mars:

09.00 – 13.30: Årsmøtesaker etter saklista held fram

Fylkesleiar's tale, Årsmøtetale, Generaldebatt, Uttaler frå årsmøtet, Val. Avslutning

Inviterte til årsmøtet M&R Bondelag 4.-5. mars 2016 på Alexandra Hotel i Molde**Medlemer av årsmøtet med røysterett:**

- Utsendingar frå lokale Bondelag
- Styremedlemmene i fylkesbondelaget
- 2 utsendingar frå M&R Bygdekvinnelag
- 2 utsendingar frå M&R Bygdeungdomslag
- Ordstyrar i årsmøtet, Oddvar Tynes, Stranda
- Styremedlem i Norges Bondelag, Oddveig Gikling-Bjørnå, Sunndal
- Ordstyrar i årsmøtet i Norges Bondelag, Arne Magnus Aasen, Tingvoll

Andre inviterte utan røysterett:

- Varamedlemmer til styret
- Kandidatar til styret/vara
- Varaordstyrar Trond Malmedal, Fræna
- Æresmedlem Guttorm Kjelsvik, Vestnes
- Æresmedlem Gunnar Waagen, Tingvoll
- Æresmedlem Gunnar Wentzel, Molde
- Æresmedlem Jørgen Holte, Volda
- Valnemnda (Bente Bjerkeset Solenes, Gjemnes, Jens Kristian Eikrem, Tingvoll, Knut Hustad, Ørsta, Anders Øverbø, Rauma, Jorunn Gunnerød, Molde).
- Grønttalsperson Audun Skjervøy, Norddal

Gjestar som blir invitert til årsmøtet for eiga rekning:

Samvirkeorganisasjonane og tillitsvalde i Møre og Romsdal:

- Tine: regionsjef Petter Baalsrud, Rindal, og medlemmer i Eigarutvalet Midt: Birgit Oline Kjerstad, Haram og Kenneth Høyning, Gjemnes
- Nortura: organisasjonsleiar i Midt-Norge, Brit Kari Hauger, Molde, konsernstyrenestleiar Kari Redse Håskjold, Volda, og konsernstyremedlem Oddveig Gikling-Bjørnå, Sunndal,
- Felleskjøpet Agri: regionsjef Dag Arne Helle, styremedlem Oddhild Saure, Ørsta og styremedlem Wenche Ytterli, Rauma
- Allskog Trondheim

- Politiske partia i Møre og Romsdal
- Innovasjon Norge avd.kontor Molde og Ålesund
- Landkreditt sin representant i Møre og Romsdal
- AgriKjøp/Agrol
- Gjensidige
- Fylkesmannen i Møre og Romsdal – Landbruksavdelinga
- Mattilsynet
- Bondelagets samarbeidsadvokat Ole Rødstøl
- Norsvin M&R v/ fylkesleiar Reidar Lindset, 6391 Tresfjord
- M&R Sau- og Geit v/ fylkesleiar Odd Bjarne Bjørdal, 6150 Ørsta
- TYR M&R v/ fylkesleiar Asbjørn Dahlen, 6638 Osmarka
- Norsøk/Nibio, 6630 Tingvoll
- Møre og Romsdal 4H, Fylkeshuset, 6404 Molde
- Gjermundnes Landbruksskole v/ rektor
- Norsk Landbruksrådgivning Sunnmøre og Landbruk Nordvest
- Møre og Romsdal Fiskarlag, Ålesund
- Nei til EU i M&R ved fylkesleiar Ole Kvalheim
- Media i Møre og Romsdal, Nationen, Bondebladet